



Johannes Taranger på Spar Uskedalen viser fram årets Festidalen-øl, Vetletind.

Som dei tre føregåande åra er det også i år brygga eit spesielt øl for Festidalen. Som før har det fått namn etter ein fjelltopp rundt Uskedalen. Etter at det starta med Englafjell og heldt fram med Solfjell og Låganåso, er namnet på årets øl Vetletind. Som dei tidlegare åra, er det 7 Fjell Bryggeri som har brygga Festidalen-ølet.

Også i år vil det vera ei eiga «Bierstube» med spesialøl på Festidalen. Dei tilbyr eit breitt utval i øl då dei ønskjer at festivaldeltakarane skal finna noko dei likar godt, og skal kosa seg med drykken i staden for å drikka mykje. Det er i denne «Bierstuba» gjestene får kjøpt **Vetletind** under Festidalen. Sammy Myklebust i bargruppa fortel at **Vetletind** er ei pale ale i butikkstyrke, humla med Cascade og Mosaic og med noko meir bitterhet enn i dei tidlegare festivaløla. Dei meiner folket på Festidalen, og dei som kjøper ølet på butikkar rundt omkring i kommunen, er modne for eit såpass bittert øl no.

Vetletind er no i salg på Oska, på Sparbutikkane i Uskedalen, på Husnes og på Valen og på Eurospar Rosendal her i Kvinnherad. I tillegg er den i salg utvalde stader i Bergen og Haugesund.

Sammy Myklebust seier vidare om utvalet i «Bierstuben»:

«I «Bierstuben» vil det vera minimum 10 forskjellige øl å velje mellom. Eit utval som er nøye gjennomtenkt for å kunne spegla ymse ølstilar, og alt det spanande som skjer på ølfronten, men og eit utval som passar på ein festival med sumar, sol og kjærleik i hjarta».

«Utvalet inneheld øl frå alle skatteklassar, frå alkoholfritt, via lågalkohol og butikkstyrke til det du til vanleg må på Vinmonopolet for å handle, men utan å bevega seg alt for høgt opp på alkoholskalaen. Det meste er sjølv sagt kortreist, men for å kunne tilby eit utval der flest mogleg skal kunna finna noko dei verkeleg likar, har vi måtta inngå eit par kompromiss», seier Myklebust vidare om utvalet og legg til at ei «Bierstube» som berre er open to dagar kvart år ikkje kan ha alt tilgjengeleg til siste slutt. Dette gjeld spesielt for dei fata dei opnar ved starten av kvar dag og berre har to av.

I tillegg til «Bierstube» vert det vanlege barar som sel vanleg pils, sider og rusbrus. Dessutan er det også brusbuer der vi kan få kjøpt brus og vatn rundt på området. Arrangørane oppfordrar også til å drikke vatn både til vinen og ølet.

På Festidalen ønskjer ein å tilby eit breitt utval av øl. Ein av grunnane er at gjestene skal kosa seg med den gylne drykken, og med måte. For meg ser det ut som dei langt på veg har lukkast. Dersom ein ser på

totalkvantumet som vert drukke kan det sjølvsagt verka mykje, men dersom ein fordeler det på det høge talet på gjester og den lange opningstida, har ein absolutt grunn til å vera godt fornøgd.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland